



Fremskrittspartiet
v/Gustav Bahus
Postboks 322
5203 OS

Dato: 30.04.2015
Vår ref.: 2015/4256-13
Saksbehandlar: ingtakl
Dykkar ref.:

Fylkestingsvalet 2015- endring av listeforslaget Fremskrittspartiet

Etter kontroll og gjennomgang av listeforslaget har vi følgjande merknader:

Kandidat nr. 19 Hildegunn Mo og kandidat nr. 40 Elin Veivåg har kravd fritak for å stå på lista med grunnlag i vallova § 3-4. Leiaren av fylkesvalstyret har innvilga søknadane etter at ein skriftleg erklæring vart sendt inn innan fristen.

I valforskrifta § 15 Endringar på listeforslaget etter innleveringsfristen står det følgjande:

«(2) Hvis en kandidat strykes fra listeforslaget, avgjør den tillitsvalgte om det skal settes inn et nytt navn på den tomme plassen, eller om de etterfølgende kandidatene skal rykke opp i uforandret rekkefølge og listen suppleres med et nytt navn nederst. Andre omrokkeringer er ikke tillatt. Dersom fristen for å innlevere listeforslag er utløpt, skal den tillitsvalgte legge ved erklæring fra den nye kandidaten om at vedkommende er villig til å stå som kandidat på listen.»

Det kan og rykkast opp utan at det vert sett inn nytt namn nederst. Lista får då to kandidatar mindre, 61 kandidatar som er innafor kravet i lova.

Dersom ein berre ønskjer opprykk på lista ber ein om at dette vert gjeve melding om så snart som mogeleg og då gjerne på e-post.

Dersom ein ønskjer å setja inn ny kandidat ber ein og om at dette vert medelt oss så raskt som mogeleg og at erklæring vert lagt fram innan **6. mai 2015**.

Svar kan sendast oss på ingeborg.borgen.takle@post.hfk.no.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.